


Kva er det fyrste
du tenkjer på når
du høyrer ordet
«fridom»? Del
med ein
læringspartnar.





Har kunst, fridom
og ytringsfridom
noko til felles?
Tenkeskriv i eit par
minutt.

Studer biletet
nøye i nokre
minutt.






Tenkeskriv i to minutt om
det du såg i måleriet.

Kvifor er det viktig å vere fri
når ein skal lage kunst?

Skriv svaret ditt på ein gul
lapp, og heng den på tavla.





Læraren les
opp svara.

Mål med økta

De skal no lese og lære om prosjektet «Frihet i fri strek».

Når de er ferdige, skal de lage ein presentasjon om kva de sit att med av informasjon og inntrykk.



Leseoppdrag

De skal no lese teksten «Fridom i frie strekar».

Medan de les, skal de:

- Setje spørsmålsteikn ved vanskelege ord, noko de ikkje forstår eller noko de lurer på.
- Setje utropsteikn ved viktige ord eller informasjon de tenker er viktig eller interessant.



To og to

Diskuter saman og hjelp kvarandre:

- Dette forstod eg ikkje / dette lurte eg på.
- Dette tenkte eg var spesielt viktig i teksten.

Grupper på fire

- Para går saman med eit anna par (gruppe på fire) og avklarar kva som var vanskeleg og kva som er spesielt viktig i teksten.
- Denne gruppa arbeider saman om å lage presentasjonen.



Lag ein presentasjon for klassen

Her er forslag til kva som kan vere med:

Skildring av Kunst i skolen og deira prosjekt

Dei fire elevane sine synspunkt

Om ytringsfridom i kunsten

Om ytringsfridom generelt

Fridomskjensla i å teikne/måle

Å vere medvit om det ein teiknar

(Presentasjonen kan òg vere dykkar eigne teikningar/måleri med utgangspunkt i omgrepet «fridom».)